



Tyskarane har vore best representert av utlendingane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har så langt vore ein god sesong for dei to båthamnene i Uskedalen. Øyro Marina har ikkje tal for kvar dag, men har hatt 19 gjestebåtar på det meste og stort fleire er det ikkje plass til der. Uskedal Båtlag hadde gjennomsnittleg 23 gjestebåtar i dei første 16 første døgn i juli – då var totaltalet 370. Denne hamna kan pressa inn rundt 40 hvis det knip.

Gjestene i den største Uskedal-hamna kom frå åtte land: USA, England, Tyskland (i klart fleirtal blant utlendingane), Finland, Sverige, Frankrike, Italia og Noreg. Dette er gjestebåt-tala for dei første 16 dagane i båtlag-hamna: 8, 10, 16, 21, 12, 15, 28, 29, 31, 32, 28, 26, 20, 21, 25, 23.



Dette er dei einaste svensken som er observert så langt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Øyro har ikkje hatt utlendingar og hamnevert Egil Høgemark seier til uskedalen.no at det har samband med at utlendingane som regel kjem med større seglbåtar og gjerne legg til ved den nye, ytre bølgebrytaren til båtlaget.

Elles er det vanskeleg å samanlikna trafikken ved Øyro med tidlegare år på grunn av at det har vorte fleire faste plassar.

Samanlikninga ved den andre hamna er også problematisk nettopp på grunn av det utvida tilbodet. – bortsett frå at trafikken har auka. Frå 2005 til 2006 gjekk talet på gjestedøgn såleis opp frå 820 til 1.240.

Elles ligg Uskedal Båtlag framleis på andreplassen etter Husnes i dysten om å bli det beste gjestehamna i landet i 2008.

Av Ola Matti Mathisen



Annmari Kristoffersen og Hanna Kjærland har hatt nok å gjera med innkreving av "landingsavgift" i det siste. (Foto: Ola Matti Mathisen)

